



Planoppstart med planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel for Gulen 2018-2030

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
047/17	Formannskapet	01.06.2017

Behandling i Formannskapet 01.06.2017

Handsaming og røysting

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskapet FSK sak 047/17

I medhald av plan- og bygningslova § 4-1, 11-12, 11-13 og 11-17 vedtek Gulen kommune planoppstart med planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel.

Planprogrammet vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn i minimum 6 veker.

Det vert løyvd kr 250 000 til planarbeidet. Finansiert frå disposisjonsfondet.

Vedlegg	Dok.ID
Planprogram Areal del 2017	135165

Bakgrunn for saka:

Kommuneplanen sin arealdel vart sist godkjent i 2014, med mindre endring frå seinast 2015.

I følgje kommunal planstrategi skal kommuneplanen sin arealdel rullerast i 2017 og 2018.

Aktuell rullering av arealdelen vil fokusere på behov for endringar og oppdateringar av eksisterande arealdel for å betre tilpasse plangrunnlaget til dagens behov og utvikling.

Rulleringa vil vere ei forholdsvis avgrensa rullering, da det ikkje vert vurdert som naudsynt med omfattande endringar av eksisterande arealdel.

Kommuneplanen sin samfunnsdel, godkjent i 2014, er framleis aktuell, og vil vere eit grunnlag for arbeidet med ny arealdel.

Planprogrammet beskriv nærare formålet med planarbeidet og prioriterte tema, gjer greie for vidare planprosess og opplegg for medverknad og vurderer behov for utgreiingar. Planprogrammet vert lagt ut på høyring parallelt med varsling av oppstart.

Saksvurdering og konklusjon:

Samfunnsdelen har hovudsatsingsområda Busetnad/kommunale tenester, Infrastruktur/næringsliv og Barn og unge/kultur, som legg følgjande føringar for utarbeiding av arealdelen:

- Gode og tilstrekkelege areal for næringsutvikling
- Område for bustadbygging, offentlege føremål m.m.
- Område for vidare sentrumsutvikling med fokus på kultur og handel i bygdesentra
- Infrastruktur, trafikktryggleik, nettverk for fleire og ulike trafikkantar

Basert på føringar gitt i samfunnsdelen, samt på endra trendar og behov innanfor arealbruk vil aktuell rullering ha desse hovudfokusområda:

- Gode og tilstrekkelege areal for næringsutvikling
- Område for akvakultur i sjø og på land
- Bustader, plassering av bustadfelt og samordna bustad- og arbeidsplassutvikling
- Område for bygging i strandsona
- Infrastruktur

Kostnadsoverslag for utarbeiding av plan:

Prosjektleiing – kr 100 000

Konsulenttenester – kr 100 000

Møte (inkl. reisekostnader) + diverse – kr 50 000

Totale plankostnader kr 250 000

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 4-1, 11-12, 11-13 og 11-17 vedtek Gulen kommune planoppstart med planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel.

Planprogrammet vert lagt ut på høyring og offentleg ettersyn i minimum 6 veker.

Det vert løyvd kr 250 000 til planarbeidet. Finansiert frå disposisjonsfondet.

